



Rolf M. Skorpen trivest godt på seglbåten sin og i Uskedalen.

**Alle som har vore i båthamna har sikkert sett at det har lege, og framleis ligg, ein stor seilbåt på utsida av flytebyggja. Den kom 1. mai og ligg ut denne månaden. Det er båten til Rolf Michael Skorpen. Han bur i båten. Som navnet antydgar har han slektskap til Skorpo. Han har ein skjærgårdsjeep liggjande i båthavna, og den brukar han når han vitjar familien på Skorpo.**

Bestefar til Rolf hadde gard på Skorpo; frå Skorpevågen og nord til Mjøvnasund. Dei hadde mange born og når garden blei lagt ned, fekk ungane tomter der. Far til Rolf, Bjarne, som var flytta til Stord fekk også tomt og bygde hytte der.

Rolf og søstera overtok hytta, men no er det søstera som har overteke den. Mor til Rolf kom frå Mandal, og far hennar var lærar hjå Langballe.

Skorpo vart sommarlandet for Rolf og familien. Dei var her kvar sommar, og Rolf har mange fine minne fra desse somrane. Han hugsar med glede leiken med Oscar og Tore Langballe og med Ole Kristoffer Vågen. Dei fiska også mykje. Best hugsar han kastinga etter aure. Denne fiskingen vart endå meir moro etter det vart ulovleg å kasta med landnot. Han har også minne frå julefeiring i Skorpevågen.

Rolf har jobba i Nordsjøen i 20 år. Etter dette reiste han rundt som rørleggjar i mange år. No er han uføretrygda etter ein skade i ryggen. Han bur no i Sagvågen.

Han avsluttar samtalen med å understreka at han føler seg meir som 'Skorpebu' enn 'Stordabu'.

Tekst og foto: Reidar Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland